



Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Dato: 06.03.2014  
Vår ref.: 2014/13073-1  
Saksbehandlar: nilgrud  
Dykkar ref.:

## Oversendingsforslag i samferdelsutvalet - Vidare sakshandsaming i Statens vegvesen

På møte i samferdelsutvalet 18.11.2013 sette representanten Alf Helge Greaker (V) fram slikt oversendingsforslag:

«Feilmeldingsteneste for fylkesveggar»

Denne oversendinga bør og sjåast i lys av meldingssak 170/13.

«Bergen kommune har ei nettbasert teneste kor innbyggjarane kan melde inn feil på ei rekke område. Det kan dreie seg om akutt miljøforureining, manglar i parkar og grøntområde, mørke lyspunkt i byrom, rotter, manglande reinhald av leikeplass, skada eller døde dyr og fisk, vatn opp av kum og så 3 vidare. Under kategorien "Vei og parkering" kan ein melde om ei rekkje mindre manglar som øydelagte rekkverk, hol i vegbanen, manglande gatelys og behov for mindre asfaltering.

Dette er altså manglar som ikkje krev egne store budsjettpostar i sektorane sine budsjett og som kan utbetrast raskt. Tiltaka treng heller ikkje sortere under Trafikksikringstiltak eller andre store planar. Tenesta fungerer veldig godt, innbyggjarane er nøgde og det er ei stor innsparing både økonomisk og tidsmessig for dei som skal drifte dette, sidan dei kan ferdiggjere mange små tiltak på ein gong når dei først er i arbeid. Å kunne reparere småskader og vedlikehalde på eit tidleg stadium er mykje billigare enn å vente til dei blir større.

Sjølve netttjenesta er så langt representanten kjenner til, utarbeida og drifta av ein ekstern leverandør, så det er heller ikkje nødvendig med store midlar til utvikling eller investeringar.

Ein ber om at fylkesrådmannen som ein del av samarbeidet med kommunane og Statens Vegvesen, ser på og fremjar ei sak om ei tilsvarende meldingsteneste for fylkesvegane.»

Samferdelsavdelinga sender oversendingsforslaget frå Alf Helge Greaker over til vidare handsaming i Statens vegvesen.

På møte i samferdelsutvalet 22.01.2014, i samband med melding nr. 9/14, sette representanten Tom Skauge fram slikt oversendingsforslag.

«Rådmannen tek initiativ til eit betre system for at lokalkunnskap om flomfare og andre risiki for ulykker kan bli meldt inn til vegstyresmaktene»

Samferdselsavdelinga sender oversendingsforslaget frå Tom Skauge over til vidare handsaming i Statens vegvesen.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*